



Arkivnr: 2014/2-11
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		09.01.2014

Løyve til å søkje NOKUT om godkjenning av nytt tilbod

Samandrag

Fusa fagskule ønskjer å søkje NOKUT om godkjenning av nytt tilbod innan psykisk helsearbeid og rusarbeid (sjå vedlegg). Fusa fagskule har per dags dato godkjenning av tilbodet psykisk helsearbeid og tilbodet rus og avhengigheitsproblematikk, men etter signal frå sentrale myndigheiter har Nasjonalt utvalg for fagskoleutdanning i helsefag (NUFHO) utarbeidd nye emneplanar som omhandlar både psykisk helsearbeid og rusarbeid.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fagskulestyre gjev Fusa fagskule løyve til å søkje om ny godkjenning av studietilbod innan psykisk helsearbeid og rus.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
e.f.

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Søknad frå Fusa fagskule

Fylkesrådmannen, 07.01.2014

Fusa fagskule ønskjer å søkje NOKUT om godkjenning av nytt tilbod innan psykisk helsearbeid og rusarbeid (sjå vedlegg). Fusa fagskule har per dags dato godkjenning av tilbodet psykisk helsearbeid og tilbodet rus og avhengigheitsproblematikk, men etter signal frå sentrale myndigheiter har Nasjonalt utvalg for fagskoleutdanning i helsefag (NUFHO) utarbeidd nye emneplanar som omhandlar både psykisk helsearbeid og rusarbeid.

Fusa fagskule ønskjer å søkje NOKUT om godkjenning innan fristen 15. februar 2014. Skulen vil oppretthalde godkjenningane som Fagskulane i Hordaland har innan psykisk helsearbeid og rus og avhengigheitsproblematikk, og søker soleis om ei ny godkjenning.